



Kjea er framtida: Starten er viktig

Forfatter

Helga Kvamsås, Fagasistent, TINE Rådgivning

Sammendrag

Kjea er framtida i fjøset. Ein god start på livet gir det beste utgangspunktet for at kjea skal vekse godt, halde seg friske og bli gode produksjonsdyr.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit 6/2015

Utskriftsdato

14.02.2025 www.fag.nsg.no

Kjea er framtida:

Starten er viktig

Kjea er framtida i fjøset. Ein god start på livet gir det beste utgangspunktet for at kjea skal vekse godt, halde seg friske og bli gode produksjonsdyr.

Dei første vekene er det opptaket av mjølk og at kjea held seg friske som styrer tilveksten.

Råmjølka er livsviktig

Kjea er født utan immunforsvar sidan det ikkje skjer overføring av immunstoff frå mor til kje via morkaka. Difor er det livsviktig for kjeet at det får i seg

nok råmjølk, som er rik på immunstoff, dei første timane etter fødsel. Dette gir best mulig immunitet og rask næringsforsyning. Det høge energiinnhaldet i råmjølka hjelper til å halde oppe kroppstemperaturen ved at det skaper mykje varme ved forbrenning. Evna til å ta opp immunstoff minkar raskt det første levedøgnet. Etter 12 timar er evna til å ta opp immunstoff halvert.

Påsettkjea skal ha råmjølk frå mora. Når geita har kjea er det sikrast å ta kjeet ifrå, mjølke mor og tildele råmjølk på flaske så raskt som mulig etter fødsel, og seinast innan to timar.

Varm opp råmjølka til 40 grader og sjekk temperaturen før du har den over på flaske. Bukkekje bør få minst 3 dl og geitekje minst 2,5 dl. Vil ikkje kjeet suge, vent og prøv igjen etter en time. I løpet av første døgnet bør kjea få mint 8-10 dl råmjølk, fordelt på 4 føringar.



(Foto: Hege Gonsholt)

God kontroll

med råmjølksføringa betyr enormt mykje for ein god start. God hjelp i fjøsen, når mange geiter kjeiar på kort tid, er derfor uvurderleg.

Fri tilgang på mjølkestatning gir god tilvekst

Når kjea har fått i seg den nødvendige råmjølka bør dei direkte over på mjølkeføringsautomatar eller smokkbøtter, der dei kan få fri tilgang på mjølkestatning. Dette er den føringsmåten som ligg nærast det naturlege for kjeet. Ver sikker på at alle kje har lært seg å suge av smokk. Ein «opplæringsbinge» der ein sjekkar at alle kjea kan suge sikrar at alle kan drikke og får i seg den mjølka dei vil, og at dei ikkje tygger sund smokkane. Brukar ein smokkbøtter/lammebar, er det viktigaste av alt at det aldri vert tomt for mjølk i bøttene. Kje som står på fri tilgang til mjølk kan oppnå svært god tilvekst under optimale miljøtilhøve.

Målsetting i kjeoppdrettet må vere at ein oppnår ein gjennomsnittleg tilvekst på livkjea, i mjølkeperioden, på omkring 200 g/dag. Ved 6 vekers alder vil levandevekta på et kje som er 2,5-3 kg ved fødsel då vere 11-11,5 kg.

Retten monteringen av smokkar og smokkbrett er viktig

Smokkbrett og smokkar må monterast i ei høgd ca. midt oppe på miksekolben. For høg monteringen gjer at det



Kje som står på fri tilgang til mjølk kan oppnå svært god tilvekst under optimale miljøtilhøve. Vi ser at kjea kan ha ein tilvekst på over 300 g per dag. Målsetting i kjeoppdrettet må vere at ein oppnår ein gjennomsnittleg tilvekst i mjølkeperioden på minst 200 g/dag. (Foto: Hege Gonsholt)



(Foto: Ola Søgne sand)

blir tungt å sugе og for låg montering gjer at mjølka renn ut ved skade på smokken. Det er ein fordel at smokkbrett/smokkar er montert på utsida av bingen. Det er ofte nødvendig å lage større splitt i smokken, og splitten monterast *vertikalt* - elles klarer ikkje kjea sugе ut mjølka. Bruk mjuk smokk (brun latex).

Innstilling av drikkeautomatane

Ver nøye med innstilling av drikkeautomatane og bruk alltid tilrådd blandingsforhold. Automaten må stillast inn ved første gangs bruk og ved bytte av type mjølkeerstatningspulver. Temperaturen må stillast inn etter ønska temperatur på ferdig drikke. Når mjølkepulveret er kaldt, kan det vere behov for vassstemperatur rundt 43-45 grader for å oppnå 38-40 grader i ferdig blanda drikke.

Hald drikkeautomaten rein

For å unngå bakterievekst og sjukdom på småkjea er det viktig å halde drikkeautomaten rein. Gjer rein miksekoppen minst 2 gonger per veke. Nokre produsentar av drikkeautomatar tilrår 2.-kvar dag. Bruk vaskeprogram der dette er tilgjengeleg, elles skal miksekoppen skyljast i lunka vatn og deretter børstevaskast i varmt vatn tilsett vekselvis syre og kombi. (0,2-0,3 dl vaskemiddel per liter vatn).

Slangar og smokkar vaskar ein ved behov. Tilrådd vask er 2 gonger per veke. Bruk spylestuss og send småproppar gjennom slangane for å fjerne eventuelt belegg. Børstevask smokkar og smokkhaldarar når det trengs.

Drikkeautomatar for kje

Det er i hovudsak to typar drikkeautomatar for kje på marknaden.

Den minste typen drikkeautomatar, Lactec:

- Koplast til 220 V 1-faset og trykkvatn
- Må kalibrerast mot vasstrykk
- Blandar oppvarma vatn og pulver, ca. 0,5 l kvar gong
- 12-13 kg pulver
- Eit smokkbrett (3 smokkar), ca. 30 kje
- To smokkbrett, ca. 60 kje
- Ikkje varme rundt miksekolbe

Den største typen drikkeautomatar:

- Koplast til 220 V 1-faset og trykkvatn
- Må kalibrerast mot vasstrykk
- Blandar oppvarma vatn og pulver, ca. 0,5 l kvar gong
- Ca. 30 kg pulver
- Med ekstra ring: ca. 40 kg pulver
- Smokkbrett med 8 smokkar
- Kapasitet: ca. 100 kje
- Varme rundt miksekolbe (ekstra utstyr)



(Foto: Ola Søgne sand)



(Foto: Hege Gonsholt)

Sjekkpunkt under drift

Dagleg:

- Er smokkar og slangar heile?
- Er det nok pulver i automaten?
- Vasstilførsel ok?
- Sjekk telleverk - er det blanda sannsynlig mengde drikke i forhold til antall kje?

Kvar veke:

- Sjekk temperatur i ferdig blandet drikke
- Sjekk at automater gir rett pulver- og vassmengde.

Del inn kjea i ulike bingar etter alder og storleik

Kjea veks best når dei har god plass, får vere i aktivitet og ha fri tilgang til mjølkedrikke. Det bør ikkje vere meir enn 2 veker skilnad i alder på kje i same bingane. I tillegg til mjølk skal dei ha fri tilgang på kraftfôr av type som er tilpassa kje/lam, vatn og fint høy. Kjea tek opp svært lite kraftfôr og høy så lenge dei står på fri tilgang på mjølk, men det er viktig at dei får i seg *litt*, for på denne måten startar dei etablering av vomfloraen som er så viktig for overgangen til å verte drøvtyggar.

Føringshygiene

God føringshygiene førebygger sjukdom og stagnasjon i tilvekst. Alle tilhøve ved føring med mjølk, kraftfôr, høy og vatn skal ha god hygienisk standard. Kraftfôr-anordning på utsida av bingane er ein stor fordel.

Tørre, trekkfrie bingar med god plass og innretningar som gir høve til aktivitet sikrar trivsel og ein god start.

Av Helga Kvamsås
Fagspesialist, Tine Rådgiving